


# Ein stolt dag i 1968

Ord til ære for Johan Magnar Nilsen (1930- 2013) sitt minne.

Med Johan Magnar Nilsen sin bortgang er ein ny VIL-medlem borte. Som vi høyrde sagt i kyrkja under gravferda, var Johan aktiv idrettsleiar i yngre år. Her kjem eit skule/idrettsminne frå denne perioden som inkluderer Johan Nilsen.



**Vinteren 1968 var ikkje berre grei i Velledalen.** Dei som har vore her ei stund, minnest enorme snømengder og raset på Hjorthol i februar. Eitt ungt menneskeliv gjekk tapt. Folk var prega, naturleg nok.

**Verdstoppar til Stranda.** Difor var det mest som ein befrielse då vi seinare på vinteren fekk melding om at den norske langrennseliten skulle kome til Stranda på vårparten. Ein vinter der det hadde vore OL i Grenoble i Frankrike, og nordmennene nærast gjorde reint bord. Og no kom dei altså til Stranda, karar som Ellefsæter, Grønningen, Martinsen, Eggen, Tyldum med fleire. Men det likaste av alt, var at det i samband med dette skulle haldast ein skulestafett, med tre lag; eitt frå Sykkylven, eitt frå Stranda og eitt frå Sunnylvlen.

**Trangt nålauge.** Her kunne gutar – ja, for dette var ei rein gutegreie - frå barneskulen i Velledalen få sine fyrste møte med verdseinarane. Kvart lag skulle ha to gutar frå 4. klasse, to frå 5. klasse og to frå 6. klasse. Nålaugget var trangt.

På denne tida var legendariske Asbjørn Kilsti lærar på Ikorndes. Han hadde kunnskap om idrett, og forstod at her var kampen om plassane så hard at det måtte haldast kvalifisering. Den fann stad ein snøfattig kveld på Jarnes, i skyminga, og med klassevis fellestart mellom tuer og lyngrabbar..

**«Amerikansk uttaking».** Vi var ein heller liten delegasjon frå Velledalen. Eg minnest at Johan Nilsen og Arne Bolstad i alle fall var der av vaksne. Av utøvarar trur eg ikkje der var fleire enn Jan Bolstad, Kjell Nilsen og eg. Det var «amerikansk uttaking», det vil seie at dei to beste frå kvart klassetrinn skulle representere skulane i Sykkylven under stafetten på Stranda. Enden på visa vart at Jarnes skule fekk med fire elvar på laget, Velledalen skule to (merk: sentrumsskulane nådde ikkje opp). Jan vart hårfint for sein, Kjell og eg kom med.

**Utklassing.** Så var den store dagen komen. Klisterføre, som naturleg kunne vere så seint på året. Starten var på marka like ovanfor der Vestborg ligg. Kvar etappe var kort – mest som sprintstafett. Kvar etappe var ein halv runde i same løypa som eliten skulle gå i etterpå. Folketilstrøyminga var enorm.

Sykkylvsskulane sitt slagkraftige lag var i tet frå fyrste etappe og vann i rein utklassingsstil, føre strandarane med sunnylvingane på ein like klar tredjeplass.

**Smil og glede.** Seinare fekk vi fylgje eliten sine friske fråspark på blaut vårsnø, og høgdepunktet må vel seiast og vere premieutdelinga. Der sjølvaste Ole «Uteliggjar» Ellefsætar, fersk OL-vinnar, kom og trykte dei små hendene våre varmt og lenge. Denne hendinga fann stad i Johan sine velmaktsdagar. 38 år var han vinteren 1968. Han sa ikkje mykje, men han smilte – heile tida. Ein stolt dag for mange!

**Sykkylvsskulane sitt lag:**

4. klasse: Gudbjørn Kvendseth og Kjell Nilsen

5. klasse: Kjell Kvendseth og Atle Hole

6. klasse: Eilert Eilertsen og Ingmund Eliassen

**PS.**

**Falkeklubben.** Men det var meir høgtid knytt til denne dagen. Fjernsynopptak må vite, i eit program som heitte «Falkeklubben». Innslaget vart kort, så ein måtte mest ha falkeblikk. Men vi kom faktisk på fjernsyn – på sjølvaste monopolkanalen.

Atle Hole